



ÅRSMELDING

2015

FOR

IDRETTLAGET TRIO





Årsmøte 2015, søndag 13. mars 2016 kl 16:00 på Trio-huset

SAKSLISTE:

1. Godkjenning av stemmerett
2. Godkjenning av innkalling inkl. sakslista
- Lovnorm vedtatt på idrettstinget i 2015
3. Valg av ordstyrer.
4. Valg av sekretær
5. Valg av to personer til å underskrive protokollen
6. Årsmeldinger
7. Regnskap/budsjett
8. Innkomne forslag
9. Medlemskontingent
10. Organisasjonsplan
11. Valg
12. Utdelinger

ÅRSMELDING 2015

Hovudstyret

Knut Prestnes, leiar
Arne Torget, nestleiar
Egil Jacobsen, kasserar
Knut Årthun, sekretær
Eivind Nissestad, styremedlem
Aud Berit Eide, varamedlem

Generelt er det ei utfordring å få folk til å ta på seg verv i laget og gruppene. Denne utfordringen førte til at på det ordinære årsmøtet 15.mars 2015 blei det beslutta til å utsette valg av tillitsvalgte til et ekstraordinært årsmøte 29. april 2015.

Av større saker som har vore behandla i styret i 2015 kan nevnes:

- Kurs i KlubbAdmin system for medlemshandtering arrangert 21.02.2015.
Prosjektleder for innføring av systemet endelig på plass i desember 2015.
- Etter grundig forarbeid blei nye vedtekter vedtatt på årsmøtet 15. mars 2015.
- Avtale mellom Kvinnherad kommune og Hovedstyret etablert vedr. svømmekurs i sommerferien for barn og unge. Målsettingen er å etablere en langsiktig avtale.

Ny Flerbrukshall

Forprosjekt for ny flerbrukshall på Husnes ble etablert i desember 2015 i samarbeid med Kvinnherad Handballklubb og Kvinnherad Kommune. Forprosjektet er finansiert med kr 100.000 fra hver av deltagerne. Forprosjektet skal levere en rapport i mai 2016 til Formannskapet. Sparebank 1 stiftinga har bevilga kr 1,25 mill. til et hovedprosjekt.

Økonomi

IL Trio har ein sunn og trygg økonomi, mye p.g.a. godt arbeid i gruppene. Viser elles til regnskapet. Styret takker alle sponsorer og samarbeidspartnarar for godt samspel.

Dugnadsinnsats

Det er fremdeles glimrende dugnadsinnsats i Trio. Bl.a. «onsdagsgjengen» er et veldig godt eksempel.

Aktivitet / medlemstall

Det er god aktivitet i gruppene, noko årsmeldingane frå dei einiskilde gruppene syner. Totalt medlemstall pr 31.12.2015: 870.

Nettsida

Styret vurderer nettsida som svært god og nyttig. Stor takk til redaktør og administrator Are Ulseth for denne innsatsen.

Styret vil takka alle medlemer, trenarar, leiarar og tillitsvalde for godt utført arbeid i 2015.

Husnes, 10.03.2016

For styret
Knut Prestnes
Leiar



Årsmelding 2015

Styret for IL Trio fotball

Tor Jørgen Sætrevik, leiar
Eivind Nissestad, nestleiar
Marius Nissestad, sekretær
Sindre Grønningen, styremedlem
Merete Hersvik, økonomi
Svein Egil Heimvik, ungdomsleiar
Aleksander Blokhus Ekeland, styremedlem
Roger Røssland, styremedlem
Anita Åkre Hauge, styremedlem

Det har vore felles valkomité for heile idrettslaget

Styret i 2015

Innledning:

Styret i fotballgruppa har i år vore ein godt samansett gjeng med sju nye medlemmer etter årsmøtet 2015. Styret har bestått av totalt ni medlemmer, kor økonomi har vore fritatt ordinær møteplikt. Me har hatt 21 møter i 2015, med fleire saksspesifikke møter i tillegg. Ungdomsleiar vervet har vore delt mellom Aleksander og Svein Egil (frå august).

Aleksander og Roger har no byrja å trenar A-laget, og vil difor gå utav sine styreverv ved årsmøte i 2016.

I løpet av 2015 har det meste av kampavikling og trening gått smertefritt for seg, med tanke på kor tett det er om arealet hos oss. Her har Jamal Soosainther gjort ein flott innsats med å løse oss gjennom veke for veke, veldig bra.

Husnes Cup vart nok ein gong eit rekordarrangement i antall påmeldte lag. Her viser heile klubben fram ein dugnad og innsatsvilje som er gull verdt og flott å oppleve. Likefullt er det vanskelig å ikkje trekke fram Anita Åkre Hauge, Rita Larsen, Are Ulseth, Hanne Larsen og Siv Olaus Eikenes sin framifrå innsats for klubben i denne samanhengen. Med eit så godt fundament for denne cupen som det er no, så skal det bli spennande å sjå han utvikle seg vidare i åra som kjem.

Einar Herskedal og Are Ulseth har gjort eit stykke strålande arbeid med fotball lotteriet i år, som føregåande år

Nok ein sesong har me vore prisgitt ein veldig flink og engasjert trenarstab. Nye folk melder seg til nye lag, og alle bringer noko nytt med seg. Kunnskapen er forholdsvis høg iblant trenarar i klubben, føler styret, og kvaliteten på det daglige treningsarbeidet er gjennomgåande bra.

Økonomisk står me forholdsvis sterkt. Husnes Cup gjekk nok eit år med eit solid overskot, Noko av det som er viktig for oversikten til klubben, er å få ned det meste av kontantflyten. Der vil det no bli markante endringar i 2016, når me får vekk ferjekorta, og går over til storforbrukar kort . Det vil og få vekk den usikkerheten det har vore knytt til ordninga slik den har fungert. No er det bare om å gjere at me følgjer opp ordningane rundt vår eigen minibuss, som ikkje har fungert slik dei må for at forutsigbarheten skal være der for alle. Her må alle brukarane være sitt ansvar bevisst.

Og enda viktigare og gledelig, no blir medlemsoversikten vår digitalisert og me er endelig kvitt kontantoverleveringar på banen før trening. Dette vil og lette arbeidet med medlemsdatabasen vår betraktelig. Det er store forventningar til at me skal få opp dette systemet til å gjelde for sesongen 2016. Klubben har satt ned ei eiga gruppe som arbeider med dette systemet. Klubbadmin og Min Idrett vil nok være benevnelsar som me alle vil få eit forhold til i året som kjem.

Sportslig summering

Det har vore eit litt både og år reint sportslig. Me har hatt ein nervepirrande avslutning for A-laget vårt. Dei hadde kniven på strupen til siste serierunde for å overleve i 4 divisjon. Ein var faktisk prisgitt eit landsdekkande reknskap om divisjonsjusteringar for å bli værande. Dette er langt under målsettinga både styret og A-lags gruppa sjølv hadde før sesongen. Fotballstyret føler at mykje kunne vore gjort annleis i forhold til kommunikasjon med gruppa og kva prinsipp som gjeld i det totalbildet det er å være ein A-lagsspelar for IL Trio. Det er gjort grep før årets sesong for å få dette til å bli rett. Viser ellers til årsrapport frå A-laget for meir info

Me har av sær positive ting opplevd å få to av våre ungdomsspelarar med på kretslaget. Dette er første gang på mange år at Trio er representert der. Daniel Normann og Torstein Olderkjær har masse reising, opplevelsar og inspirasjon i vente når dei drar til Bergen sågodt som kvar tirsdag, i tillegg til kampar. utanom. Me ynskjer gutane lykke til, og håpar at dei er dei første av fleire, i åra som kjem.

Ellers hadde Trio sitt J16 lag ein imponerande siger i KM innandørsfotball i Fyllingsdalen i januar

Kretsen har kjørt eit kurs for rolla som veileder trener. Her har Trio hatt ein representant i Eivind Nissestad. Denne rolla kan komme klubbens etablerte og nye trenerar til gode. Me

vil ellers oppfordre alle involverte i klubben til å være mykje flinkar til å bruke dei ulike utdanningstilbuda som bla kretsen har. Dette er så godt som alltid, veldig utviklande og inspirerande.

Av årsrapportar tek me med A-laget sin. For dei andre laga i ungdoms og barnefotballen henviser me til nettsida vår.

På nettsida finn ein og oversikt over klubben sine dommerar, som desverre iår også, ikkje har hatt dommarkontakt. Men dei har vore godt hjulpne av Are Ulseth og Oddvar Eikenes.

mvh Tor Jørgen Sætrevik, Leiar

Årsrapport: Trio A-lag

A-laget starta opp treninga 5 januar. Vi har hatt 3 treninger pr veke. Dvs at vi i løpet av sesongen har hatt 100 treninger. Spelt 24 offisielle kamper inkludert 2 kvalikkamper til NM (cup). I tillegg har vi spelt 5 treningskamper.

Vi enda på 9 plass med 26 poeng og 36-43 i målforskjell. Vi begynte sesongen bra med siger over 3. divisjonslaget Arna/Bjørnar i første kvalikkamp. Andre kvalikkamp var mot 3. divisjonslaget Varegg, som enda på 3 plass i sin avd. Vi leia denne kampen 1-0 til det var gått over 75 min. Men då dei fekk eit litt heldig mål gjekk litt piffen ut av oss og kampen enda med 3-1 tap. Dette viste at ambisjonane våre om å kjempe i toppen av 4 div ikkje var ugrunna, sjølv om det hadde blitt ein del utskiftinga på laget som enda som nr 4 med kun 3 poeng opptil kvalik pass i fjor. Ut var Espen Saghaug (Sogndal), Rune Mo (Stord), Åsmund Voster (Søfteland), Johannes Hjelmeland (trappa ned) og Rolf Vidar Hansen (lagt opp).

Etter vårsesongen hadde vi 16 poeng (eitt poeng meir enn etter vårsesongen i fjor) og låg då på ein 5. plass. Vi var ikkje heilt fornøgd med dette og burde hatt over 20 poeng i forhold til målsettinga. Før haustsesongen starta hadde vi mista 2 nye sentrale spelarar i Allkan Abdulla og Eivind Saghaug. Vi hadde god tru på å få inn erstatningar slik at ikkje tapet av desse skulle bli særlig stort, men slik gjekk det ikkje og haustsesongen vart ein kamp mot veggen for å unngå nedrykk. Spesielt tap mot både Fitjar og Bremnes, gjorde det svært vanskelig for oss. At vi skulle overleva i 4. div vart faktisk ikkje avgjort før helga etter vi var ferdige. Då nedrykk frå 3. div kunne føre til 4 lag eller totalt 8 lag frå 4. div i Hordaland skulle ned i 5. div. Det var med stor lettelse vi kunne konstatere at vi her hadde nødvendige flaksen slik at vi fekk behalda plassen i 4 div.

Kvifor vi kom i den situasjonen i haust er nok fleire årsaker til og det er uansett mitt ansvar. Det er spesielt vanskelig oppgave å ha ambisjon om å kjempa i toppen og så i staden kjempa mot nedrykk. Dette er ikkje minst ei mental utfordring og eit heilt anna utgangspunkt for heile laget. Eg er stolt over den måten laget sto sammen på og klarte å snu trenden slik at vi vann dei 2 siste kampene og dermed redda oss. Kanskje var det en flotte og samlande treningsleiren som vart utsalgsgevande her?

Eg komme heilt sikkert til savne treningane og kampene, ja til og med bussturane til bortekampene, for det er mange flott karer på dette laget. Som eg er svært glad for å bli kjent med. Men det er fleire ting som må takast tak i for at vi skal komme vidare som klubb. I haust fekk vi inn Øystein Ermland, Trond Inge Haugland og Trond Thorsen for å bidra med positiv energi og erfaring i treningane. Ein stor takk til dei

Spelaren med flest treningar i år vart Martin Veastad. Årets toppscorar vart Allkan Abdulla med 11 offisielle mål. Årets mest framgangsrike vart Futsum Membratu og årets spelar vart Håvard Haga. Til slutt vil eg takka alle spelarar, hjelpetreinar Jim Are Hansen og lagleder Svein Jarle Mo, samt Eivind Nissestad for oppfølging av Fiks osv.

- Avtroppande trenar Kjell Magnar Eide

Årsmelding svømmegruppen 2015

SVØMMESKOLEN:

Svømmeskolen har hatt 2 grupper med 1 trening i uken, og 2 grupper med 2 treninger i uken. Svømmeskolen har hatt rundt 100 barn i bassenget i 2015. Juni 2015 hadde svømmegruppen 3 gratis vanntilvenningskurs i Underheim bassenget, der 60 barn fikk tilbud om vanntilvenning og dykking. August 2015 hadde vi 1 gratiskurs med vanntilvenning i Rosendal, der 15 barn fikk tilbud om vanntilvenning og dykking. Vi hadde også en gruppe på 8 barn som vi hadde litt intensiv svømmeopplæring på. Svømmeskolen har hatt 1 stk instruktørkurs året 2015.

C-PARTI:

C partiet har hatt 1 gruppe med ca 10 barn, disse har hatt trening 3 ganger i uken. De har vært på 1 svømmestevne i året som er gått.

A/B PARTI & TRIATHLON:

har 39 aktive medlemmer. 21 aktive symjarar og 18 triathletar, me har hatt fellestrening i bassenget 5 dagar i veka, og 1 felles løpeøkt i veka.

Det er komen til 6 undomar innevarande år, dei har vist stor treningsiver og er gode pådrivarar.

Symjegruppa har delteke på 5 symjestemner, med totalt 11 symjarar.

Det har vore god pågang av nye vaksne symjarar som har ynskt å læra å symja, 8 vaksen har fått symjeopplæring.

TRIATLON:

Trio etablerte ei triathlon gruppe i 2014. Utøvere er ei viktig del av symjegruppa.

Gruppa trener kvar dag i tillegg til treninger med friidrettsgruppa i Trio.

Gruppa er i stor vekst, dette merkes både i bassenget og på friidretts treningene.

Trio Triathlon har delteke med fleire utøvarar i Norges Mesterskapene. NM-sprint, NM-olympisk og NM langdistanse.

Beste resultat var sølvmedalje NM sprint i Tønsberg.

Trio hadde også med ein deltaker i Verdens Mesterskapet i Chicaco.

Totalt har 7 stk utøvere delteke på ulike triathlon konkurranser. Trio har totalt delteke på 7 forskjellig triathlon konkurranser.

Hovedmål for 2016 er å kunne delta med minst 10 utøvere på Triquarts samt delta på Europamesterskapet i Lisboa i Portugal

DIVERSE:

Me har gjennomført 5 livredningskurs og har 22 godkjente livreddarar.

Symjegruppa har delteke med 1 dommar på Aker Kværner swim cup på Stord og 1 dommer i Nordisk meisterskap i ADO arena.

ÅRSRAPPORT TRIO TURN 2015

Trio turn hadde ein tung start med manglande leiar. I september tok styret i lag med Kjersti Veastad tak og fekk starta opp til sammen 9 partier på Valen, Underheim og Sunde. Til sammen er det ca 140 medlemmer og etter det dårlige utgangspunktet turnen hadde, er ein fornøgd med dette. Interesse for turn er fortsatt stor og dei aller fleste partia er fulle. Nytt opptak blir i august 2016 og gleda er stor ved at Trio har fått opp å gå eit medlemsregister. Påmeldinga går da via det nettbaserte systemet minidrett.no. Dette sparer instruktørane for mykje jobb. I år som i fjor gjekk påmeldinga via mail.

Underheim

Det har vert 2stk Foreldre/barn partier for 3-4 åringer. Kristi Saghaug og Kate W. Petterson har hatt ett parti og Anna Katrine B. Mathisen og Beate Røssland ett parti. Fokuset her har vert hinderløyper og leikar med og utan sang.

Gymleik 5 åringer, instruktør Rønaug Ørbeck og Marianne E. Rørvik. Her har det vert lære i det grunnleggjande som hoderulle osv pluss hinderløype og div. leikar.

Gymleik 1-2 kl, instruktør Marianne E. Rørvik og Nina Medhus. Dette har vert ei veldig aktiv gruppe med mange gitar. Her har ein funne ut at ei litt avansert hinderløype fungerer best med innslag av grunnleggjande turn. Lang venteliste på dette partiet.

Tumbling 5-7 klasse og ett parti for 8kl og oppover. Instruktører Aleksander Vangen, Kjersti Veastad og Beathe I.Høydal. Har vert lang venteliste på det yngste partiet. 7 klassingane som har gått i fleire år, vart flytta opp til 8 klasse for å få plass til flest mulig. Men fortsatt er det venteliste.

Sunde

Idrettens grunnstige 1-2 kl og ett parti 3-5 kl, instruktør Anneli Rønstad. Her lærer ein alle grunn element innan turn.

Valen

Foreldre/barn parti 3-4 år, instruktør Lisbeth Olsen, Cecilie Romslo, Ragnhild. K. Thorkildsen. Fokuset her har vert sangleiker og hinderløype.

Den 28.11.15 hadde turngruppa den årlige juleavslutninga. Her har instruktørane vert svært del aktive for å få den i havn. På juleoppvisningen var det 9 grupper som viste litt av det dei har jobba med i haust. Som tidligare år hadde vi også i år trekking av gevinstar. Hadde valgt å ha mindre gevinstar i år men heller større og flottare. Inntekt på inngongspengar og loddsalg vart på kr 49705,-. Inntekta av loddsalget går til fornying av utstyr og kursing av instruktører. Arrangementet vart vellykka og vi fekk gode tilbake meldinger.

Økonomi

Saldo 31.12.15 er kr **181 202,-**.

Linda Skjellevik (kasserar) har lever rekneskapet til Sumarum.

Styret

Styret i 2015 har bestått av Linda Skjellevik (kasserer), medlemmer Nina Thorkildsen og Irene Fatland. Kjersti Veastad (instruktør) har og vert med og bidratt med å opprettholdt turngruppa. Ho har tatt ansvar for innkalling av møter og holdt tråden i gruppa og har funger som ein slags leiar men har gjort det minimale ut av det. Vil ikkje fortsette med dette. Kjersti Veastad syns det holder med å engasjere seg som instruktør men har sagt seg villig til å vera i styret i eit år for å overlapp nye medlemmer. Det må på plass ein leiar for at turnen skal fungere og dette må på plass til hausten 2016.

Disse gir seg i styret: Linda Skjellevik og Irene Larsen.

Disse er i det nye styre: Eirin Gravdal overtar etter Linda Skjellevik som kasserar. Medlemmer: Beathe I. Høydal, Marianne E.Rørvik, Kjersti Veastad og Anneli Rønstad (holder tråden i medlemsregistreringa pluss kursing av instruktører).

Trio turn

ÅRSMELDING IL TRIO VOLLEYBALL 2015

Styret i IL Trio Volleyball har i 2015 bestått av følgjande personar :

Eirik Sævareid (leiar)
Einar Opdal (nestleiar)
Javier Araya
Tone Merete Lillesletten
Randi Elisabeth Bjelland
Unn Tone Haavik Eikeland (frå haust 2015)
Cathrine Skogseht (frå haust 2015)

Det har vore avholdt styremøter ca. kvar sjettede veke gjennom året. Styret har koordinert den sportslige aktiviteten i gruppa, jobba med inntektsbringande tiltak samt hatt som intensjon å utvikla volleyballgruppa vidare. Ambisjonen er å bygge opp eit tilbod til alle alderstrinn, i tillegg til at både junior- og seniorlaga skal markera seg med gode sportslege resultat i Hordaland. Samarbeidet i styret har fungert bra og ein har frå hausten 2015 supplert inn to nye foreldrerepresentantar i styret. Ser ein på gruppa som heilhet skulle vi likevel gjerne hatt fleire personar som er villig til å ta på seg større og mindre oppgåver. Mellom anna gjeld dette marknadsarbeidet då det her heilt klart ligg eit potensial utover det som gruppa utnyttar per i dag.

Sportslig var sesongen 2014-2015 ein sesong med fokus på rekruttering og bredde framfor resultat. Damelaget i 2.divisjon havna på ein fin 3.plass på tabellen, medan laga i dei aldersfastsette klassane hadde også i sesongen 2014-2015 fokus på langsiktig oppbygging. Rekruttering på jentesida er brukbar, medan det er svak interesse for volleyball på gutesida.

Volleyballgruppa har som mange andre ein utfordring med å skaffe inntekter. Gruppa har ein trygg økonomi. Hovedinntektskjelde er dugnadsarbeid, der tilsynsvakt i Husneshallen er den største inntektsposten.

2.divisjon damer

Laget endte sesongen 2014-2015 på ein fin 3.plass i 2.divisjon. Laget besto av ein miks av spelarar som spelte 1. og 2. divisjon sesongen 2013-2014, i tillegg til at nokre nye spelarar frå eigen juniorstall har blitt tekne opp i seniorstallen. Plasseringa må seiast å vera tilfredsstillande og det er eit god håp om at laget kan vera ein plattform for å utvikle spelarar frå eigen juniorstall framover.

Trenar for laget har vore Eirik Sævareid og Robert Haugland.

Jenter U17

Denne treningsgruppa vart starta hausten 2011 og hadde første året ei trening i veka, i Idrettshallen på Sunde. Gruppa består av ca. 12 jenter der dei fleste er født i 1999. Gruppa har hatt ei god utvikling og deltok i alle serieturningane sesongen 2014-2015, i fleire av turningane har gruppa stilt to lag. Gruppa består av mange talentfulle spelarar og her er det mange som vil vera viktige for rekrutteringa til Volleyballgruppa framover.

Trenarar : Linda Holmedal og Eirik Sævareid

Jenter U15

Trio har hatt to treningsgrupper i U15 sesongen 2014-2015. Den største gruppa har bestått av spelarar frå 2001/2002, her har det vært opp mot 25 spelarar på trening. I tillegg har det vært ei treningsgruppe med hovedvekt på spelarar fødd i år 2000, denne har bestått av 10-12

spelarar. Laga har delteke i dei fleste serieturneringane og vist fin utvikling gjennom sesongen.

Trenar : Bjørg Eli D. Aasgard, Line Langeland, Javier Araya

Jenter U13

Denne gruppa vart starta hausten 2013 og trenar to ganger i veka på Husnes. Laget spelte minivolleyball og har stilt opptil 5 lag i serieturneringane sesongen 2014-2015. Laga har oppnådd svært gode resultat og her er det mange ungdomar som vil kunne markere seg sterkt på volleyballbanen i åra som kjem.

Trenar : Bjørg Eli Djuvsland Aasgard

Sandvolleyballturnering

Det vart ikkje arrangert sandvolleyballturnering sommaren 2015. Det er imidlertid ei klar målsetning både å forbetre baneforholda noko og at det blir arrangert turnering på Husnes sommaren 2016.

Framtidsutsikter

Trio har før sesongen 2015-2016 seniorlag for damer i 2.divisjon, i tillegg har gruppa eit godt antall lag i yngre årsklassar på jentesida.

Damelag i 2.divisjon samt god aktivitet i yngre årsklassar gjev eit godt fundament for framtida på damesida. På gutesida er det relativt få spelarar i aktivitet, dette krever at det blir satsa målretta i åra som kjem for å sikre aktivitetsnivået og rekruttering til eige seniorlag i framtida.

Støtte frå sponsorar/samarbeidspartnarar har saman med div. dugnadsarbeid skapt nok inntekter til å gje grunnlag for satsinga ein no har. Gruppa har eit nøkternt kostnadsnivå der all trenarinnsats er basert på frivillig arbeid, dei klart største kostnadene er relatert til reiser og deltakelse i turneringar/seriespel.

For å kunne vidareutvikle gruppa er det sterkt ønskelig å knytte til seg meir ressursar, dette gjeld både på trenarsida samt til styre og andre funksjonar. Det er eit faktum at mykje arbeid no blir lagt ned av nokre få nøkkelpersonar, for å kunne skape eit grunnlag for langsiktig drift er det viktig at oppgåver kan verta fordelt på fleire personar.

Volleyballgruppa sin største utfordring framover vil vera nyrekruttering av spelarar. På jentesida har me ein del talentfulle ungdomar, men det bør klart fokuserast på å få fleire spelarar. På gutesida er rekrutteringa svak og det er eit stort behov for å kunne starte lag i yngre årsklassar for å på sikt igjen kunne stille seniorlag på herresida.

Me i volleyballgruppa håpar å kunne by spelarar, trenarar og andre støttespelarar på mykje moro også i 2016 og vidare. Me vil takka alle som har bidrege for Volleyballgruppa, både sponsorar, foreldre og andre som har bidrege på dugnad, samt publikum som møter trufast opp på heimekampane i Husneshallen.

Husnes, 7. mars 2016.

IL Trio Volleyball
Styret

ÅRSMELDING FRIDRETTSGRUPPA 2015

Friidrettsgruppa har hatt ganske stor aktivitet på det nye anlegget i 2015. Det har vore organisert banetrening for barn og ungdom, veteran og idrettsmerke og ei aktiv løpergruppe som trenar ute heile året.

Friidrettsgruppa har arrangert Kretsmesterskap for Hordaland for veteranar, og Kvinnheradsmeisterskap for barn og ungdom.

BANETRENING:

Onsdag har vore fast treningsdag for banetrening. Barnetreningane har vore i samarbeid med Herøysund IL med Tone Elise Henriksen og Hege Kristin Raudstein som hovudtrenarar. Dei har vore delt i 2 grupper. 6-10 år, og 11 og oppover. Fleire foreldre har vore med som trenarar i dei ulike øvingane. I tillegg har skulane vore flittige å bruka anlegget i gymtimane, og har fått disponera friidrettsgarasjen med vårt utstyr.

Veteran og friidrettsmerke har trent samstundes, med Årstein Eik og fleire entusiastar i spissen. Deltaking på KM på heimebane gav meirsmak, og me ser ikkje vekk i frå stemnedeltaing av Triogutar og jenter i alle aldrar i åra som kjem andre stader enn på heimebane.

Reidar Olderkjær og Tor Opsanger har vore behjelpelige med å setje seg inn i tidtakingsutstyret, så no er me godt rusta for ein ny sesong på alle måtar.

LØP:

Løpegruppa har hatt faste treningar onsdagar og sundagar året igjennom. Her har friidrett slege seg saman med Triathlongjengen, og dei er ein god gjeng som trener allsidig i lag i løypa i Lunden og området ikring. Fleire av dei er aktive deltakarar på løpskarusell, mosjonsløp og maraton.

ARRANGEMENT:

I samarbeid med Herøysund, Uskedal IL og Ternen har vi arrangert løpskarusellen for 2. år på rad med stor deltaking, over 130 deltakarar var med totalt på dei 4 løpa.

Triostafetten vart for fyrste gong arrangert på Husnes, med nystukne løyper i Lunden og området rundt stadion. Med stor suksess vart det arrangert 4x60 meter stafett på løpebanen for dei minste, her deltok 11 lag.

Totalt i stafetten deltok 130 deltakarar frå heile Kvinnherad. Vinnarane fekk flotte krystallvasar i premie. Stor suksess. Reidar Jensen var dugande løypekonsulent. Arrangementet gjekk i vakkert vårvær med fantastisk stemning blant deltakarar og publikum. Friidrettsgruppa synte seg nok ein gong som ein dugande arrangør.

Veteran-KM vart arrangert i september med nær 50 deltakarar i alderen 35-86 år frå heile Hordaland. Trio stilte sjølv med vel 10 deltakararar som markerte seg med gode resultat og tok mange medaljar. Frå kretsen fekk vi skryt for anlegg og utstyr, samt arrangementet, sjølv om vi godt kunne hatt fleire funksjonærar. Kjell Fossen, leiar i veteranutvalet i friidrettsforbundet opna stevnet, og helsa frå kretsen og forbundet. Det vart sett ein norsk rekord i stav i klassen menn 55-59 år. Eldste deltakar var fødd i 1929 og deltok i 100 meter, lengde og kule. Jammen klarte vi dette og!

ÅRSMELDING FRIDRETTSGRUPPA 2015

Kvinnheradsmeisterskap for barn og ungdom vart arrangert som 1-dagsstevne med 4 øvingar. Omlag 40 deltakarar frå Kvinnherad deltok, med stor entusiasme. Kom tett innpå veteran-KM, så det var ei utfordring å få stilla nok funksjonærar.

Det har vore arrangert nokre mindre seriestevner, samt at det har vore idrettsmerkeprøvar på tampen av sesongen. I år som i fjor måtte vi avslutta sesongen utan å ha eit tilbod om innetrening. Dette er viktig å få på plass for å sikra kontinuiteten, samt at friidrett og er ein inneidrett med stille høgde og lengde som er øvingar der Trio tradisjonelt sett har hevda seg godt.

Ser fram til eit godt nytt friidrettsår i 2016.

Helsing IL Trio Friidrettsgruppa v/ Styret

ÅRSMELDING TRIOHUSET 2015

Styret i Triohuset 2015 har bestått av Runar Blokhus, Line Valstad og Arne Torget. Rita Larsen har hatt rekneskap, og Henning Haga forvaltar nøklar.

Det har ikkje vore store investeringar i året som gjekk. Det har vore gjordt utbetringar i høve til pålegg etter eltilsyn. Her gjenstår noko, men det meste er kontroll på. Golvet i salen og gangen er bona.

Det har vore jamt utleige til private arrangement, og til NAV som har leigd huset til kurs på dagtid. Dette er kjærkomne midlar til drift av huset.

Det er vanskeleg å få folk til å ta på seg verv, og huset treng sårt fleire vaktmeistrar som kan ta seg av dagleg tilsyn og enkelt vedlikehald.


Huset er i god stand, men treng etterkvart oppgraderingar i bruksareala. Nye stolar er eit ynskje styret har, samt ny belysning og oppussing av salen. Skifergolvet og trappa burde vore friska opp.

For Triohuset

Runar Blokhus og Line Øynes Valstad

Besøktal år for år - betydeleg nedgang for www.il-trio.no


2007 var eit gullår, takka vera ein strålende sesong for A-laget med avdelingssiger i 3.divisjon, playoff om opprykk til 2.divisjon og besøk av Brann i cupen. Møtet med Brann gav ein «uslåeleg» besøksrekord med 1800 treff på ein dag! Etter dette har sida hatt stabilt besøk på mellom 106.000 til 120.000 besøk pr år, noko som i snitt pr måned er ca 10.000, og pr dag ca 330 unike besøk. **Men dei tre siste åra har det vore ein betydeleg nedgang, på over 30 % etter kraftig fall i inneverande år.** Den månadsvisе svingninga følgjer stort sett fotballsesongen. Den raude kurva på figuren viser årssnittet, som seier mest om trender.



Nyhende år for år – også nedgang

Også her var 2007 spesielt, men elles har antal nyhende lenge vore rimeleg stabilt med i overkant av 400 saker pr år, noko som altså er godt i overkant av ei nyhende pr dag i snitt. I inneverande år om lag 350 nyhende, noko som er ein reduksjon på vel 20 % frå åra før.

Dei siste to åra har vi også brukt ei støtteside på Facebook til å linke når det vert lagt ut nyhende på nettsida. Facebooksida brukast også til ein god del liveoppdatering under kampar. Under Norway Cup var det formidabel interesse for dette. Over 600 menneskje følgjer Facebooksida pr i dag.



Det er positivt at lag nyttar eigne lukka Facebooksider til intern informasjon til spelarar og føresette, men **derimot ei uheldig trend** at lag og grupper opprettar eigne opne sider på Facebook i staden for å bruke den felles og offisielle kanalen. Dette burde hovudstyret gripe tak i, då det reduserer fellesskapskjensla, samstundes som kvar ein når ut til langt færre. Eit døme er Trio sitt A-lag, som vel å bruke ei eiga side, med vel 250 følgjarar – i staden for å bruke Trio si Facebookside, som altså har over 600. Nyleg har også Trio Volleyball oppretta si eiga opne Facebookside i staden for å bruke eksisterande kanalar.

30.12.2015, Are Ulseth (nettsideansvarleg)



Anleggskomitèen I.L. Trio

Etter at dei tre store anlegga - rehabilitering av friidrettsdelen til fast dekke og drenering grasmatta
- turveg i Lunden
- lys i turvegen

var ferdigstilte i 2014, har anleggskomitèen hatt ein merkbar mindre aktivitet i 2015.

Arbeidet i året har stort sett bestått av å vera pådrivar på Kvinnherad kommune for å få ferdig sluttrekneskapen for desse anlegga slik at kalkulerte udisponerte midlar kan fordelast.

Sluttrekneskapen, slik den ligg føre pr. i dag, og forslag til disponering av midlar ligg ved denne årsmeldinga.

OnsdagsGjengen er i sluttfasen med siste biten på rehabiliteringa på stadion med bygging av to innbyttarhus. Dette arbeider er ferdig til sesongopninga.

Det meste av arbeidet som har vore organisert i anleggsøyemed, har vore utført av OnsdagsGjengen.

Klubben og det overveldande antalet av dugnadsfolk, skal ha stor takk, og dei skal vera stolte over arbeidet som er utført. Det er imponerande!

Ny kunstgrasbane

"I november 2009 gjorde årsmøte i I.L. Trio fotball vedtak om å søkja Kvinnherad kommune om å få rehabilitera deler av grusbane og leggja kunstgras. Det er positiv innstilling til dette frå politisk og administrativt hald i kommunen. Trio må ta fatt på dette arbeidet når den nye områdeplanen for skule-, helse- og idrettsområdet på Husnes blir vedteken, truleg i april 2015."....stode å lesa i årsmelding vår i fjor.

...men, me er like langt!

Siste kalkyle for ny kunstgrasbane er på kr 2.748.800,-. Denne kalkylen skal gjennomgåast med Kvinnherad kommune. Den gamle kalkylen var på kr 1.934.000,-. Begge summene inkl. mva.

Kostnadsauken ligg i endring av storleik (+45%), prisjustering og ballfangarnett på ei kortside og ei langside.

I tillegg skal formannskapet godkjenna at Trio får nytta areal på grusbane til idrettsføremål i 40 år. Området er regulert til idrettsføremål.

Det er å vona at ny kunstgrasbane kan stå ferdig i løpet av 2016.

Områdeplan

Områdeplanen for skule, helse og idrettsområdet på Husnes vart vedteken hausten 2014. Områdeplanen fordrar at det må lagast ny reguleringsplan for område som skal takast i bruk til ny storhall.

Områdeplanen var ikkje ei handsrekning til Trio og husnesmiljøet!

Ny kafeteria, utstyrsrom og garasje

Det er kjøpt inn ein kontorbrakke frå Hydro Husnes As til dette føremålet. Målet var å få den plassert på grusbane. Dette arbeidet er ikkje utført.

Deltaking på møte:

Anleggskomitèen har delteke på ulike møte med Kvinnherad kommune både om planarbied og om praktiske oppgåver vedk. sluttfasen av rehabilitering av stadion, planlegging av nytt lager, baneleige og brukarmøte.

Anleggskomitèen:

I anleggskomitèen har desse vore med Roald Teigen, Otto Kolaas, Oddmund Røssland og Svein Røyrvik.

OnsdagsGjengen

Onsdag 12. november 2014 var første treffet for den nystarta dugnadsgruppa. Dei møter på Trioloftet kvar tysdag kl 10-13 og tek del i ymse dugnadsoppgåver når vèr og oppgåvene er til stades i rett tid. Det møter mellom 15og 20 personar kvar gong.

Planane om å byggja ny garasje/lager ved Triohuset er skrinlagde.

Husnes, 9. mars 2016

Svein Røyrvik (s.)
leiar anleggskomitèen

Sluttrekneskap

Anlegg i Husnes idrettspark

1) Husnes stadion, rehabilitering friidrett- og fotballanlegget - 2) Ny turveg - 3) Ljos i turveg

Kostnad	Kostnads- overslag	Slutt-rekneskap	Notat
1 Husnes stadion, rehabilitering	12 376 517	11 936 219	Lagt fast dekke på friidrettsdelen. Rehabilittert drenering fotballbanen
2 Turveg	2 026 650	1 438 581	
3 Ljos turveg	1 677 500	1 168 100	
Finansiering			
4 Kvinnherad kommune, tilskot	-5 700 000	-3 190 842	
Mva.refusjon		-2 509 158	
5 Spelemidler	-4 559 167	-4 108 500	
6 I.l. Trio kontantar	-4 131 400	-4 650 000	
7 I.l. Trio dugnad og gåver	-1 690 100	-1 770 100	

Disponible midlar

-1 685 700

Skal nyttast til maskinar og anlegg i Husnes idrettspark

Disponering disponible midlar:	Kvinnherad kommune	I.l. Trio m.fl.	(Trio m/fl. = Trio, Kvinnherad Handballklubb, Aktivitetsparken Lunden)
Traktor, klippar	398 000		Innkjøpt av Kvinnherad kommune i 2014
Kunstgrasban, 9ar (kostnar 2,4 mill)	500 000		Ny bane på grusbanen i Husnes idrettspark, Kvinnherad kommune si deltaking
Sandbane (kostnad 0,5 mill)	100 000		Ny sandbane ved Husnes ungdomsskule i regi av Trio/KHK (grunnarbeidet utført)
Tufteparken (kostnad 0,9 mill.)	100 000		Under arbeid i regi av Aktivitetsparken Lunden
Lager/garasje for idrettsutstyr	200 000		
Uføresett		100 000	Div. sluttarbeid i Husnes idrettspark (Onsdagsgjengen)
Overførast frå Kvinnherad kommune		287 700	Til I.l. Trio sin anleggskonto

DISPONERT

1 685 700

Kostnads- og finansieringsplan Bane 05

Kunstgrasbane 50 x 70 meter speleflate

Eit nytt anlegg i Husnes idrettspark

Anleggsnummer: 1224003005

	P	O	S	Materialkostnader	Arbeidskostnader	Sum kjøp	Sum mva.	Samla Kostnad
	Arbeid			Kjøp A	Kjøp C	E = A+C	F = E x 0,25	inkl. mva. G = E+F+B+D
				Rabatt B	Dugnad D			
1	Prosjektering/byggleiing				50 000	50 000	12 500	152 500
2	Anleggsarbeid inkl. ballfangarnett				180 000	462 600	115 650	942 750
3	Kunstgras, deponi m.m.			926 840	60 000	926 840	231 710	1 218 550
4	Rehabilitering lysanlegg			100 000	30 000	130 000	32 500	212 500
5	Uføresett			130 000	12 000	142 000	35 500	222 500
	Totaltkostnad							2 748 800

Finansiering:

1	Spelemidler - 1/3 av totaltkostnad	1)	-916 200
2	I.l. Trio, dugnad		-609 500
3	Kvinherad kommune, disponible prosjektmidler etter rehabiliteringa av Husnes stadion, bygging turveg og lys i turveg		-500 000
4	Kvinherad kommune, byggleiing, tenester, materiell m.m.		-100 000
5	Kvinherad kommune, mva.refusjon		-427 860
6	I.l. Trio, kontantar,	2)	-195 240
	Totalt finansiert		-2 748 800

Kontantbehov blir forskottert av I.l. Trio i inntil 5 år frå ferdigstillingsdato

1) + 2) -1 111 440

Notat:


1	Kostnads- og finansieringsplanen er utarbeida av I.l. Trio sin anleggskomité der desse er med: Roald Teigen, Otto Kolaas og Svein Røyrvik
2	Kostnadane er basert på innhenta prisar i 2012 og 2013. Desse er indeksregulerte til 2015-prisar
3	Kostnadane er noko endra ettersom banen er endra i storleik frå 7a-bane til 9a-bane og såleis snudd til lengderetning på grusbanen i Husnes idrettspark
4	Andre kostnader er basert på innhenta prisar i samband med utarbeiding av denne kostnads- og finansieringsplanen
5	I.l. Trio si deltaking i prosjektet er dokumentert både i 2012 og 2013 med årsmøtevedtak og kontoutskrift frå anleggskonto
6	Formannskapet i Kvinherad kommune skal godkjenne kommunal utbygging av dette anlegget straks revidert rekneskap frå rehabiliteringa av Husnes stadion ligg føre
7	Deltaking i finansieringa av anlegget er sett opp i prioritert rekkefølge

Deltakarar i OnsdagsGjengen 12.11.2014 -17.11.2015:

Nr.	Deltakar	Gjeremål
1	Birger Grønstøl	November: 12.11. første samling. Vinterlagring stavmattar. Rydding friidrettsutstyr.
2	Agnar Melkelsen	Teke nett av måla på stadion. Reis flaggstang Kvednabekken.
3	Jan Børge Ingvaldsen	Ryddja Tribunehuset, lagra stolar+ deler stadiongjerd
4	Hemming Haga	Teke ned nett på mål grusbanen. Teke ned nett kastebur.
5	Egil Bernerthun	Desember: Rydda verktyv på Tribunehuset. Status reklameskilt. Siste før jul var 10.12.
6	Kurt Ingolf Haugland	Januar: Første etter jul var 07.01. Planlagt garasje og plassering.
7	Ola Lillesand	Februar: Diskutert planar i området. Stoppa i kontroll v/campinggen. Div. rep. turveg.
8	Svein Røyrvik	Montert flaggstang Kvednabekken. Ryddja i friidrettsutstyr u-skulen.
9	Norvald Hauge	Mars: Diskutert garasje. Planlagt trapper v/Tribunehuset. Ryddja underskogg langs turvegen.
10	Knut Røyrvik	April: Tippa opprykk for Brann? Bygging trapp.
11	Magnar Sundsteigen	Mai: Bygging trapp er v/Tribunehuset. Poppa nye stolsete.
12	Kate Nissestød	Juni: Montering resten av tribunestolande. Siste dag før ferien: 25.06.
13	Einar Oppedal	Juli: Sommarferie.
14	Torn Urdsahls	August: 06.08. første dag etter sommaren. Slått lags turvegen før HusnesCup.
15	Årstein Erik	Ryddja i bed v/Triohuset. Rydding lager Tribunehuset. Justert portar i gjerdet. Spekka skittfundamnet på Senteret.
16	Kjell Gunnar Almås	September: Laga luka lager Tribunehuset. Ryddja krat ved/ved ved Triohuset.
17	Hølge Dahle	Montert skruer under topplist på rekkverket på gjerde. Beisa Tribunehuset.
18	Ottar Hesjedal	Smurt portane. Demontert mål på grusbanen. Små rep.kiosk Tribunehuset.
19	Ant Mikkelsen	Utvida veg bak nye innbytbarbenker +grove ny drenering langs turvegen.
20	Magne Ivarøy	Oktober: Forskaling sole innbytbarbenker. Tippa Norge-Italia. Armering skiltvile.
21	Roald Tøigen	Støyp sole innbytbarbenker + fundament skilt og sokkel ved port mot aust.
22	Harald Larsen	Rive forskaling, forskalt skittfundament. Demontert opningane i gjerde.
23	Kjell Hugo Knutsen	Tippa nedrykk tippeligaen. Tippa Norge til EM?
24	Øyvind Skogseth	November: Litt stygt ver, ikkje gjort noko. Veldig stygt ver, ikkje gjort noko.
25	Otto Bløhus	Frykteleg stygt ver, ikkje gjort noko.
26	Otto Kokas	JUBILEUMSFEST: Gry Helges onsdag 18. november kl 18. 20 deltakarar.
27	Ernst Jaggi	
28	Odd Saltnes	
29	John Andreas Røsland	
30	Ingvar Lien	
31	Erling Pedersen	
32	Ludvik Ynnesdal	
33	Olav Johan Medhaug	

Smaklipp frå tribunebygginga

Gamle dagar



Før...



...under...

...etter!

Ktonr	Kontonavn	Kontosum	Regn.ifjor
RESULTATREGNSKAP			
Driftsinntekter			
3000	Medlemskontingent	286 725,00	244 700,00
3001	Salg/provisjonsinntekt	30 000,00	41 055,00
3002	Pantekasse	6 934,00	0,00
3010	Annonse i program	0,00	12 100,00
3030	Treningsavgift	65 145,00	69 620,00
3040	Reklame genser - drakter	0,00	16 300,00
3050	Utleie av Kvednabekken	30 000,00	0,00
3200	Tilskudd fra Norges Idrettsforbund	314 639,00	194 394,00
3250	Tilskudd fra kommune	118 400,00	153 500,00
3260	Momskompensasjon	150 626,00	124 346,00
3320	Stevneinntekter egne arrangementer	35 346,00	51 213,00
3401	Annen støtte	5 500,00	265 500,00
3402	Fester/møter	0,00	30 691,00
3405	Egne lotterier	131 101,00	123 711,50
3408	Scoringsklubben	26 980,00	0,00
3409	Utført dugnad	172 693,60	99 281,00
3410	Eigenandel på kampar	22 550,00	8 400,00
3430	Grasrot	324 945,05	289 558,45
3440	Grasrot utbetalt til lag	-162 472,00	-144 779,00
3470	Cupar	262 280,70	522 102,00
3475	Husnes cup	98 873,00	0,00
3476	Deltakarkort Husnes cup	396 450,00	0,00
3480	Tine Fotballskule	80 332,00	73 150,00
3500	Salg kiosk	57 241,00	31 410,00
3502	Sal bilettar	24 300,00	0,00
3600	Leieinntekter	35 600,00	35 200,00
3700	Andre driftsinntekter	162 307,90	68 873,30
3702	Andre gaver	1 000,00	-310,00
3703	Eigenandel treningsleir A-lag	22 500,00	0,00
	Sum Driftsinntekter	<u>2 699 997,25</u>	<u>2 310 016,25</u>
Driftskostnader			
5000	Lønn/honorarer	-191 056,98	-210 049,80
5400	Arbeidsgiveravgift	-19 192,00	-5 088,00
5900	Kurs/studieringer	0,00	-37 708,00
6010	Ordinære avskrivninger	-27 972,00	-41 837,00
6300	Eiendomskostnader	-3 000,00	0,00
6301	Leige av husneshallen	-60 000,00	-6 000,00
6350	Strøm Triohuset	-127 887,69	-74 424,37
6360	Telefon/breiband Triohuset	0,00	-1 173,75
6370	Renovasjon/vatn/kommunale avg	-22 458,20	-18 308,30
6500	Maskiner og utstyr	-25 497,00	-370 165,41
6520	Straum Kvednabekken	0,00	-37 932,00
6540	Vedlikehald kunstgress	-12 772,90	-12 500,00
6550	Vedlikehold	2 486,67	-421 616,00
6700	Kontingentutgifter	0,00	-41 783,40
6710	Norges fotballforb. div. utgifter	-13 500,00	-47 500,00
6800	Kontorrekvisita -	-1 467,80	-6 122,00
6801	Trykking, kopiering, brosjyrer	-2 475,00	-5 075,00
6803	Småanskaffelser	-4 971,50	-199,00
6804	Data/EDB-kostnader	-2 290,00	0,00
6806	Regnskap/lønnsarbeid	-39 036,00	-15 524,00
6808	Diverse utgifter	-11 944,00	-113 831,42
6809	Diverse utgifter	0,00	-830,00
6810	Deltaking cupar	-136 170,00	-101 633,81
6820	Baneleie til Kvinnherad Kommune	-34 894,19	0,00
6830	Husnes cup - utgifter	-267 701,06	-163 902,42

<i>Ktonr</i>	<i>Kontonavn</i>	<i>Kontosum</i>	<i>Regn.ifjor</i>
6900	Telefon, mobiltlf, fax	-6 926,57	-8 016,28
6901	Porto	-806,00	-716,00
6910	Premier etc..	-3 000,00	-36 885,00
7010	Materiell og utstyr	-312 148,25	-344 986,88
7020	Skadekostnader	-2 463,85	-2 500,00
7080	Dommarutgifter	-141 553,93	-78 006,20
7100	Reiseutgifter	-344 845,86	-238 838,27
7110	Treningsleir A-lag	-95 300,00	0,00
7210	Kontingenter/avgifter til idr org..	-139 960,00	-37 110,00
7250	Stevnekostnader egne arrangement	-6 294,74	-16 802,50
7300	Reklame og annonser	-24 077,62	-14 645,11
7301	Møter, tilstelninger	-15 585,00	-29 862,21
7402	Utført dugnad av Trio lag	0,00	-2 200,00
7500	Utgifter kiosksalg	-83 093,16	-69 062,24
7550	Forsikringer	-99 498,00	-62 483,00
7600	Bevilgninger/gaver	-4 924,00	-58 657,00
7610	Premiar/statuetter	-40 424,75	-15 157,50
7710	Kursdeltakelse	-36 015,00	-6 482,00
7790	Diverse driftsutgifter	-20 848,78	-10 955,00
7800	Vekslepenger uttak	-4 000,00	-10 100,00
	Sum Driftskostnader	<u>-2 383 565,16</u>	<u>-2 776 668,87</u>
DRIFTSRESULTAT		<u>316 432,09</u>	<u>-466 652,62</u>
	Finansposter		
8040	Renteinntekter	66 624,74	88 704,32
8140	Renteutgifter og gebyrer	-1 783,00	-6 223,91
	Sum Finansposter	<u>64 841,74</u>	<u>82 480,41</u>
RESULTAT FØR SKATTER		<u>381 273,83</u>	<u>-384 172,21</u>
	Sum Skatter og årssdisp	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>
ÅRSRESULTAT		<u>381 273,83</u>	<u>-384 172,21</u>

Ktonr	Kontonavn	Kontosum	Regn.ifjor
EIENDELER			
Anleggsmidler			
1100	Kunstgrasbane	4 471 079,00	4 471 079,00
1120	Triohuset	1 370 607,00	1 398 579,00
	Sum Anleggsmidler	<u>5 841 686,00</u>	<u>5 869 658,00</u>
Omløpsmidler			
1500	Kunder, debitorer	6 250,00	106 250,00
1600	Lån til hovudlaget	5 050,00	5 050,00
1900	Kontanter	15 000,00	0,00
1910	3460 20 03959 Hovedlag	877 157,92	589 639,48
1911	346011 07513 Skattetrekk	2 736,00	2 736,00
1915	Turn 3460 20 80066	181 202,01	176 312,23
1925	7285 20 24160 Symjegruppa	68 443,61	47 873,86
1930	Volleyball 3460 07 6345	40 670,61	40 620,61
1935	Volleyball 3460 07 53039	95 401,45	33 453,03
1940	Bank 3460.10.12083 - Bane	2 127,00	2 127,00
1950	Kapitalkonto Triohuset	107 262,00	105 690,00
1960	Driftskonto Triohuset	34 370,70	41 221,14
1970	3520.60.02873 - Husnes cup	54 338,94	57 592,64
1980	3520.59.83552 - Driftskonto Sp.Vest	40 682,62	3 450,04
1985	3520.61.99138 - Sparek. fotballgruppa	818 222,27	804 724,27
1995	3520.59.96018 - Særvilkår	1 830 219,92	1 788 148,92
	Sum Omløpsmidler	<u>4 179 135,05</u>	<u>3 804 889,22</u>
SUM EIENDELER		<u>10 020 821,05</u>	<u>9 674 547,22</u>
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
2000	Egenkapital fotballgruppa	9 609 547,22	9 609 547,22
2099	Årsresultat (opptj. egenkap)	381 273,83	0,00
	Sum Egenkapital	<u>9 990 821,05</u>	<u>9 609 547,22</u>
Kortsiktig Gjeld			
2400	Leverandør, kreditorer	30 000,00	65 000,00
	Sum Kortsiktig Gjeld	<u>30 000,00</u>	<u>65 000,00</u>
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		<u>10 020 821,05</u>	<u>9 674 547,22</u>

Til årsmøtet i IL Trio

UTTALELSE TIL REGNSKAPET FOR 2015.

Vi har revidert årsregnskapet for IL Trio i henhold til Regnskaps- og revisjonsbestemmelser for små organisasjonsledd tilsluttet Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite, kapittel 4.

Årsregnskapet for regnskapsåret 2015 viser et overskudd på kr 382.121,83.

Vi har utført følgende revisjonshandlinger: Vi har gjennomgått bilagsmateriellet og tatt stikkprøver av dette. Vi har sjekket saldoer opp mot bankkontoer. Vi har også sjekket henføringer av bilag til rapporter.

Vi har avdekket følgende mangler i regnskapet:

Lønn til trener for juniorlag fotball Honorarer/gaver inntil kr 8.000,- er fritatt for innberetning og skatteplikt i idrettslag. Når en overstiger dette beløpet (8.000) blir alt skattepliktig. Der er betalt kr 11.500,- ut over dette og det skal derfor innberettes kr 19.500,- som lønn på vedkommende og laget skal betale arbeidsgiveravgift med 10,6% (kr 2078,-)

Vi mener at dokumentasjonen for regnskapet og regnskapsføringen er i samsvar med idrettens regnskapsbestemmelser, og vi mener at årsregnskapet for 2015 kan fastsettes som IL Trio sitt årsregnskap for 2015.


Hanne Larsen

Revisor


Rita Larsen

revisor